



## BARNEOMBODET

Kulturdepartementet  
Postboks 8030 Dep  
0030 OSLO

E-post: [postmottak@kud.dep.no](mailto:postmottak@kud.dep.no)

Dykkar ref:

Vår ref:  
13/01408-1

Saksbehandler:  
Eirik Aimar Engebretsen

Dato:  
29. august 2013

### Høyring - NOU 2013:1 "Det livssynsåpne samfunn"

Vi viser til høyringsbrevet frå departementet, og takkar for høvet til å komme med innspel.

Barneombudet skal i følgje lov og instruks arbeide for at barn sine behov, rettar og interesser blir tatt tilbørleg omsyn til på alle samfunnsområde. Ombudet skal særleg følgje med på at lovgiving til vern om barn sine interesser blir følgde, og at norsk rett samsvarar med pliktene Noreg har etter FN sin konvensjon om barn sine rettar. Mandatet til Barneombudet er avgrensa til barn under 18 år.

Som eit utgangspunkt ønskjer Barneombudet å stadfeste kor viktig det er at den sjølvstendige religionsfridomen til barn blir respektert, som forankra i barnekonvensjonen artikkel 14. Under dette følgjer òg retten barn har til ikkje å ha ein religion eller eit livssyn. Av denne artikkelen følgjer også at foreldra sine rettar i spørsmål om tru- og livssyn er avgrensa til ei rettleiingsplikt. Konstruksjonen foreldre/barn er under endring, og endrar seg no frå eit syn der barn blir sett på som eigedommen til foreldra til eit syn der foreldreansvaret må sjåast i eit rettleiingsperspektiv.<sup>1</sup> Dette rettleiingsperspektivet er utgangspunktet til Barneombudet når vi ser på forholdet mellom barn og foreldre i religiøse spørsmål. Barneombudet er fornøgd med at utvalet anerkjenner barn sine rettar og omsynet til kva som er til det beste for barnet (s. 101). Vidare er vi fornøgde med at utvalet anerkjenner at dei svakaste sine interesser bør beskyttast når ein skal vege dei forskjellige rettane opp mot kvarandre. I spørsmål om tru- og livssyn vil dette bety at barn sine rettar må beskyttast, noko som kan gå på kostnad av foreldra sine rettar. I dagens heterogene Noreg er det også slik at barn kjenner tilhøyrse til mange ulike former for tru- og livssyn. Det er derfor bra at utvalet har som mål å skape ein meir heilskapleg og rettferdig livssynspolitik i Noreg.

Vi har etablert eit ungdomspanel med ungdomar frå Oslo og Akershus. Ungdomspanelet fungerer som rådgivarar for Barneombudet i forskjellige saker, både ting som dei sjølv ønskjer å ta opp med oss og ting vi ønskjer å diskutere med dei. Ungdomspanelet gir Barneombudet generelle råd om det å vere ung, og vi inviterte dei derfor til ein livssynssamtale. Panelet var denne gongen utvida med deltakarar frå Vestfold, Buskerud og Nord-Trøndelag. Vi ønskte å få perspektivet deira på eit par av problemstillingane i utgreiinga gjennom at dei fortalde oss om meiningane og erfaringane sine. Deira synspunkt vil kome fram under dei ulike delane av høyringssvaret vårt.

---

<sup>1</sup> Julia Kähler-Olsen: Religiøst eller kulturelt motiverte kroppslige inngrep på barn – Rettspolitiske betraktningar (2013)

Barneombodet vil nedanfor kommentere utvalde punkt i høyringa som vi meiner reiser viktige spørsmål om rettane til barn.

Samandrag av hovudkonklusjonane:

- Barneombodet støttar forslaget frå utvalet om å innføre samtykkekrav for inn- og utmelding i trussamfunn for barn mellom 12 og 15 år.
- Barneombodet støttar forslag frå utvalet om å innføre samtykkekrav for val av skule for barn mellom 12 og 15 år.
- Barneombodet støttar òg forslaget om at barn på sjølvstendig grunnlag kan søkje om fritak eller motsetje seg ønske foreldre måtte ha om fritak frå undervisninga etter opplæringslova § 2-3a.
- Barneombodet meiner det må innførast ein fritaksrett frå religiøse aktivitetar for barn over 12 år som går på skule med religiøst grunnlag.
- Barneombodet ønskjer ein full gjennomgang av fritaksordninga i den offentlege skulen.
- Barneombodet går inn for statleg støtte av private skular med religiøst og livssynsbasert grunnlag av omsynet til likebehandling av barn. Vi legg desse føresetnadene til grunn for dette standpunktet:
  - Tilsynssystemet med desse skulane må endrast og styrkjast kraftig.
  - Barneombodet understrekar kor viktig det er at dette tilsynet har eit tydeleg barneperspektiv.
  - Barneombodet understrekar òg at det er viktig at private skular sikrar at krava til utdanning for barn som følgjer av barnekonvensjonen art. 29, blir følgde.
  - Læreplanen i alle andre fag enn RLE må følgje dei ordinære læreplanane.
  - All undervisning i RLE-faga i skulen må følgje norsk lov.
  - Det må vere ein låg terskel for å ta vekk støtta skulane får, om dei bryt vilkåra for privat skuledrift.
- Barneombodet meiner at skulegudstenesteordninga bør opphevast.
- Barneombodet ønskjer ei nedre aldersgrense på rituell omskjering av guttebarn.
- Barneombodet går inn for å forby heimeundervisning på livssyns- og religiøst grunnlag.
- Barneombodet understrekar kor viktig det er at alle religiøse leiarar og lærarar som er i kontakt med barn, blir lærte opp i barnekonvensjonen, med spesiell vekt på retten barn har til å bli verna mot vald og overgrep.

## 19.3 Barn sin rett til å bestemme sjølv i trus- og livssynsspørsmål

### Inn- og utmelding av trussamfunn

Utvalet foreslår at det skal innførast krav til samtykke frå barn mellom 12 og 15 år når det gjeld inn- og utmelding i trussamfunn. Det betyr at foreldre ikkje kan ta denne avgjerda aleine.

Ungdomspanelet til Barneombodet meiner at barn er i stand til å gjere seg opp egne meiningar og ta egne val om religion og livssyn allereie etter barneskulen. Panelet peikar på at det vil vere forskjellig nivå frå person til person på kor mogne barn er, men utgangspunktet deira var at val om konfirmasjonstype, deltaking i gudsteneste og liknande er barn i stand til å ta sjølv frå dei begynnar på ungdomsskulen.

Barneombodet meiner at å innføre krav om samtykke frå barnet til inn- og utmelding av blir trus- og livssynssamfunn er ein god måte å synleggjere medråderetten til barnet på, samtidig som det harmoniserer reglar om trus- og livssynssamfunn med dei andre reglane i barnelova.

### **Val av skule**

Utvalet vil at barn og foreldre også må samtykkje for val av skule på religiøst grunnlag. Det er eit viktig prinsipp både i barnelova og etter barnekonvensjonen sin (BK) artikkel 12 at barn skal høyrast, og at meininga deira skal tilleggjast vekt. Eit barn på over 12 år vil i stor grad vere mogent nok til å ta gode avgjersle om eigen skulegang. Barneombodet støttar utvalet i dette forslaget.

### **Fritak frå opplæring**

Utvalet foreslår at barn over 12 år skal kunne søkje om fritak frå opplæring på sjølvstendig grunnlag. Barneombodet støttar dette. Vi meiner også at barn etter fylte 12 år skal få ei sjølvstendig moglegheit til å motsetje seg ønskje frå foreldra om fritak frå opplæring. Når eit barn når ein viss alder, vil barnet sjølv vere best i stand til å avgjere om han eller ho meiner at undervisinga vil vere i strid med den religiøse overttydinga si. Dette harmonerer bra med forslaget om at barn skal gi samtykke til inn- og utmelding av trussamfunn når dei er 12 år.

Ei løysing der barn og foreldre må samtykkje lik den som blir foreslått for val av skule kunne også blitt vurdert her, og vi ser at foreldre kan fungere som gode hjelparar som kan bidra med råd og innspel. Fritak er likevel eit mindre omfattande val enn val av skule. Opplæringslova § 2-3a understrekar òg at fritaket ikkje gjeld opplæring om kunnskapsinnhaldet i læreplanen, fritaket er berre frå aktivitetar i undervisinga. Det vil vere ein tilstrekkeleg sikringsventil. Derfor meiner Barneombodet at barn i denne alderen sjølv er best i stand til å velje om dei bør ha fritak i skulen.

Barneombodet understrekar i denne samanhengen kor viktig det er at ein får ein full gjennomgang av fritaksordninga. Skular har ei moglegheit til å nekte fritak viss det går utover læringa til barnet. Barneombodet ønskjer at ein får oversikt over i kva grad skulane tek denne moglegheita i bruk, i tillegg til ei oversikt over kor stort omfang bruken av fritak har. Barneombodet er nøgd med at utvalet deler denne oppfatninga.

Utvalet konkluderer ikkje på spørsmålet om barn som går på religiøse privatskular bør ha ein fritaksrett for deltaking i religiøse aktivitetar. Barneombodet meiner at ein slik fritaksrett bør innførast. Motargumentet er at det religiøse aspektet står heilt sentralt i religiøse skular. Men det er samtidig viktig at barn i skulealder får moglegheit til å forme si eiga tru. Denne fritaksretten bør då innførast frå fylte 12 år, slik ein legg opp til i offentleg skule. Det er viktig å sikre størst mogleg grad av likebehandling av elevar i private og offentlege skular.

## **19.4 Om skuletilbodet for barn – i privatskular og i den offentlige skulen**

Barneombodet ønskjer i utgangspunktet ein sterk offentleg skule for alle, uavhengig av bakgrunn, tru eller livssyn. Gjennom ein livssynsnøytral fellesskule der alle barn blir sikra tilgang på den same opplæringa, vil ein som samfunn leggje det beste grunnlaget for at barn på tvers av alle livssyn utviklar respekt og forståing for kvarandre. I eit barneperspektiv er det likevel viktig å understreke at vi opplever at religion kan vere ei kjelde til både glede, tryggleik og trøyst for mange barn i Noreg. Å nekte barn høvet til å kunne gå på livssynsbaserte og religiøse skular vil kunne medføre ei avgrensing i den religionsfridommen barn har etter barnekonvensjonen.

#### 19.4.1 - Om retten til stønad til private religiøse skular i Noreg

Fleirtalet i utvalet går inn for å oppretthalde stønaden til private skular som er basert på eit religiøst grunnlag. Mindretalet i utvalet ønskjer å fjerne stønaden til private skular på grunnskulenivå.

Barneombodet ønskjer å presisere at religiøse skular i seg sjølv ikkje treng å vere problematiske i eit barneperspektiv. Det viktige er at den religiøse tilhørsla til skulen ikkje står i vegen for moglegheitene barn har til å bli integrerte i samfunnet og i omverda.

Vår uro rundt religiøse privatskular handlar om faren for at det oppstår «parallelsamfunn» i forlenginga av dei religiøse skulane. For somme barn som blir utsette for alvorleg avgrensing av fridommen sin i lukka trussamfunn, vil skulen vere den einaste arenaen der dei vil bli utsette for andre inntrykk og verdiar. Dette vil ofte spesielt gjelde jenter. Barneombodet meiner at det er til det beste for barn å bli eksponert for mange inntrykk og livssyn i løpet av oppvoksteren. Dette har ein eigenverdi, men det er òg viktig fordi barn som er oppvaksne i eit pluralistisk samfunn, verkar å stå sterkare i vaksenlivet. Det følgjer også av BK art. 29, at det er eit krav til utdanninga til barnet at den skal ta sikte på

- a) å utvikle personlegdommen, talenta og dei psykiske og fysiske evnene til barnet så langt det er mogeleg.
- b) å utvikle respekt for menneskerettane og dei grunnleggjande fridomane, og for prinsippa nedfelt i pakta til Dei sameinte nasjonane (FN).
- c) å utvikle respekt for barnet sine foreldre, for barnet sin kulturelle identitet, sine språk og verdiar, for dei nasjonale verdiane i det landet barnet bur i, landet kor han eller ho eventuelt kjem frå, og for kulturar som er forskjellige frå barnet sin eigen kultur.
- d) å førebu barnet til eit ansvarleg liv i eit fritt samfunn i ei ånd av forståing, fred, toleranse, likestilling mellom kjønna og vennskap mellom alle folkeslag, etniske, nasjonale og religiøse grupper og personar som tilhøyrer urbefolkninga.
- e) å fremje respekten for det naturlege miljøet.»

Dersom skular opptre som i «ACE-saka», kor læremidla som blei nytta i samfunnsfagsundervisinga framstilte menn og kvinner som grunnleggjande forskjellige, vil ein ikkje overhalde krava som kjem fram i BK art. 29. Blant anna skulle elevane i 4. klasse setje strek under det beste svaret på følgjande oppgåve: «(Hustruer, Hunder, Katter) skal lystre ektemennene sine.<sup>2</sup>». Barneombodet har også tidlegare nedsett ei ekspertgruppe med utbrytarar frå karismatiske trussamfunn.<sup>3</sup> Ein i ekspertgruppa hadde jobba som vikar i ein kristen friskule, og han kunne også fortelje om forhold som ikkje samsvarar med verken norsk lov eller barnekonvensjonen, f. eks. ved at barn blei isolert frå kontakt med barn på andre skular.

Barneombodet har inntrykk av at størsteparten av dei religiøse skulane i landet møter krava norsk og internasjonal lovgiving stiller til utdanning for barn, og følgjer barnerettane. Men Barneombodet veit at dette ikkje gjeld utan unntak. Det følgjer av mandatet til Barneombodet at vi må ta tak i dei tilfella der barnerettane ikkje blir respekterte. Derfor ønskjer Barneombodet å stille strenge krav til livssynsbaserte, private skular, slik at ein unngår framtidige brot på barnerettane i desse skulane.

Det store fleirtalet av religiøse skular i Noreg er avhengig av offentlig stønad. Dersom ein ikkje opnar for slik stønad, vil berre dei økonomisk sterkaste skulane overleve. Når ein fyrst opnar for

<sup>2</sup> LDN 1/2001 – ACE-saken

<sup>3</sup> <http://barneombudet.no/eksperter/ekspertmoter/trossamfunn/>

religiøse og livssynsbaserte skular, er det viktig for Barneombodet at alle barn, uavhengig av trusretning, kan ha moglegheit til å gå på religiøse privatskular. Vi er einige med utvalet i at ulike trus- og livssynsretningar må behandlast likt når det gjeld støtte, og vi støttar fleirtalet si vurdering om at det bør gjevast statleg stønad. Føresetnaden for at Barneombodet skal støtte dette forslaget, er at det blir innført ei sterk tilsynsordning med desse skulane. For Barneombodet vil eit viktig moment i denne vurderinga òg vere at ein kan bruke bortfall av økonomisk stønad som effektiv sanksjon for dei livssynsbaserte skulane som ikkje overheld norsk lov og barn sine rettar, og at terskelen for å fjerne den økonomiske støtta dersom skulane ikkje følgjer reglane, er låg.

### **Innhaldet i undervisinga**

Når det gjeld det faglege innhaldet i private religiøse og livssynsbaserte skular, meiner utvalet at læreplanane i alle andre fag enn RLE må følgje dei ordinære læreplanane. Barneombodet er einig i dette. Vi er også einige i grunngevinga frå utvalet om at alle barn må sikrast ei grunnleggjande felles undervising og bidra til formålet med utdanninga om å «førebu eleven til eit ansvarleg liv i eit fritt samfunn». Vi understrekar like fullt at alt undervisningsmateriale og all undervising også i livssynsfaget på skulane må vere i tråd med norsk lov.

Barneombodet er einige med utvalet i at tilsynet med religiøse og livssynsbaserte privatskular må styrkjast. Barneombodet har i lengre tid påpeikt behovet for betre tilsyn. Vi er også einige med utvalet om at tilsynet ikkje berre kan gjelde læreplan og læremidla, men også korleis undervisinga faktisk skjer.

Barneombodet viser i den samanhengen, som utvalet, til BK art. 29. Alle av barn sine interesser og rettar etter blant anna denne føresegna må sikrast til ei kvar tid for barn som går på private, religiøse skular. Vi er samtidig einige med utvalet i at ei tilvising til at denne føresegna skal følgjast ikkje er tilstrekkeleg. Det må understrekast spesifikt at alle av vilkåra i art. 29 skal følgjast. Dette gjeld i særleg grad dei vilkåra i art. 29 som tradisjonelt kan vere vanskelege å sameine med enkelte religiøse synspunkt. Særskilt BK art. 29 bokstav d. om likestilling mellom kjønna er det viktig at skulane etterlever.

Utgreiinga presenterer nokre vilkår for stønad i kapittel 23. Slik vi forstår utgreiinga, gjeld desse krava berre for registrering av trus- og livssynssamfunn. Barneombodet meiner krava som her blir presenterte også må stillast som vilkår for å kunne etablere og drive religiøse og livssynsbaserte skular. Spesielt viktig er det at livssynsbaserte skular følgjer kravet om å støtte opp under eller ikkje å undergrave samfunnsverdiar (s. 343 - 350). Barneombodet vil understreke kor viktig det er for eksempel med minoritetsvern og at alle livssynsbaserte og religiøse privatskular jobbar aktivt mot antisemittiske og antiislamske haldningar.

Når det gjeld den nærmare utforminga av tilsynet viser vi, som utvalet, til Vibeke Blaker Strand, og boka «Diskrimineringsvern og religionsfrihet.»<sup>4</sup> Blaker Strand peikar på sentrale manglar ved dagens tilsynssystem, og spesielt uheldig meiner vi det er at det faktisk ikkje blir gjort observasjon av undervisinga på staden.<sup>5</sup> Blakers Strand sitt forslag om å endre tilsynssystemet frå eit stikkprøvebasert system til ein fast tilsynsstruktur er godt, og Barneombodet støttar dette forslaget.<sup>6</sup>

Ein må også vurdere om dagens sanksjonssystem er godt nok. Blaker Strand har også her konkrete, gode innspel. I boka si peikar ho på at det er problematisk at sanksjonane i dag følgjer to separate løp: eit skulerettsleg og eit diskrimineringsrettsleg. Problemet ligg i at skulestyresmaktene, som er

---

<sup>4</sup> «Diskrimineringsvern og religionsutøvelse – Hvor langt rekker individvernet?»

<sup>5</sup> Ibid., s. 506

<sup>6</sup> l.c

dei som fører tilsyn no og vil gjere det i framtida, berre kan sanksjonere grunna brot på likestillings- og diskrimineringslovgivinga i veldig sjeldne tilfelle. Likestillings- og diskrimineringsombodet fører ikkje tilsyn, så dei er ikkje godt eigna til å avdekkje brot på diskrimineringslovgivinga i skulen.

Vibeke Blaker Strand foreslår at Utdanningsdirektoratet får ei plikt til å melde inn diskrimineringsrettslege problem inn for likestilling- og diskrimineringsombodet, slik at dei kan vurdere saka.<sup>7</sup> Barneombodet støttar dette forslaget.

Det er òg svært viktig at tilsynet har eit klart barneperspektiv, og at barn si stemme blir høyrd og lagd vekt på. Tilsynet bør derfor snakke med barn utan at vaksne er til stades, for på denne måten å kunne avdekkje eventuelle problem, som forskjellar mellom læreplanane til skulane og det faktiske innhaldet i undervisninga

### 19.4.2 Utviklinga av den offentlige skolen i Norge

Utvalet tek her opp fritaksordninga, både for RLE-faget og andre fag, i tillegg til at ein tek opp ordninga med skulegudsteneste.

#### **Fritak frå fagleg innhald etter opplæringslova § 2-3a**

Barneombodet sitt ungdomspanel er opptatt av at retten til fritak frå opplæring bør handhevast strengt. Dei peika på kor viktig det er at barn lærer seg å symje, og nokre av deltakarane hadde opplevd drukningsulukker med barn i nærområda sine. Panelet var opne for at symjeundervisninga kunne tilpassast, men dei er sterke motstandarar av fritak frå den. Når det gjeld fritak frå andre fag som musikk og matte stilte panelet seg også skeptisk til dette.

Barneombodet er negative til fritak frå undervisninga. Alle barn bør følgje all undervisning som er fastsett i læreplanen. Barneombodet meiner dette er den løysinga som best sikrar omsynet til det beste for barnet.

Vi er fornøgd med at utvalet er einig med oss i at det er behov for ein gjennomgang av korleis fritaksretten blir nytta i ulike fag. Utvalet er også einige med Barneombodet i at det ikkje bør gjevast fritak frå symjeundervisning, og at ei kjønnsdelt symjeundervisning heller ikkje er løysinga.

#### **Fritak frå RLE-faget**

Ungdomspanelet var også imot at elevar kan få fritak frå RLE-faget. Fleire av paneldeltakarane knytte dette opp mot punktet om barn sin rett til å gjere seg opp si eiga mening i trus- og livssynsspørsmål. Er det lov å få fritak frå RLE, vil desse barna miste høvet til å gjere seg opp ei sjølvstendig mening om religion, livssyn og etikk. Dette er for viktig til at foreldre kan fastsetje dette. Så om ein framleis skal ha høve til fritak frå RLE meinte Ungdomspanelet at det i så fall må fastsetjast av barna sjølv.

I det store og heile er ungdomspanelet fornøgd med undervisninga i dei får i RLE. Ein i panelet hadde opplevt sleivete kommentarar knytt til enkelte religionar frå ein lærar, men dette verka å vere unnataket. Panelet opplever lærarane som opne og dyktige til å formidle kunnskap om alle religionane. Derimot var det fleire som opplevde lærebøkene som håplaus utdaterte. Nokre i panelet meiner at livssyn og etikk blir nedprioriterte samanlikna med religion, og det synest dei er uheldig. Igjen er det andre som meiner at dette er greitt så lenge ein lærer like mykje om dei forskjellige religionane.

---

<sup>7</sup> Ibid., s. 511

Barneombodet understrekar at det er viktig at RLE-undervisninga faktisk er nøytral, og at alle livssyn blir behandla likt i undervisninga. RLE-faget er ein viktig arena for barn for å lære om toleranse.

Barneombodet meiner som det blei sagt tidlegare i høyringsbrevet, at det er på tide å revurdere heile fritaksordninga. Dette gjeld òg fritak frå RLE. Vi viser i den samanhengen til Dojan-dommen frå Den europeiske menneskerettsdomstol, kor foreldra til eit barn i grunnskulealder ikkje fekk lov til å halde barnet unna seksualundervisning.<sup>8</sup> Domstolen slår her fast at eit par prinsipp som Barneombudet meiner er viktige i diskusjonen om skule, livssyn og barn sine rettar.

- For det fyrste har skulen ei rett og plikt til å oppfylle det formålet skulen er sett til. Staten har derfor ei genuin og beskytta interesse i å fastsetje innhaldet i undervisninga. Staten er forplikta gjennom EMK til å oppretthalde og fremje ideala og verdiane i eit demokratisk samfunn.
- For det andre fastslår dommen at foreldra sin rett til å oppsede barn i tråd med den religiøse overtydinga si uansett har størst aktualitet i det private. Altså etter skuletid og i helgar.

Å fjerne fritaksretten vil ikkje vere eit inngrep i denne retten, såframt RLE-faget blir lært bort på objektiv måte. Å fjerne fritaksretten vil såleis ikkje ha nokon innverknad på foreldra sin religionsfridom. Høvet foreldre har til å lære opp barna sjølv gjer at ei fjerning av fritaksretten ikkje vil vere eit urimeleg inngrep i religionsfridomen til foreldra. Å fjerne fritaksretten er ikkje eit inngrep i høvet foreldre har til å rettleie barna sine i religiøse spørsmål.

Som utvalet ynskjer Barneombodet å understreke at RLE-faget skal vere ein viktig møteplass for elevar med ulik bakgrunn, og at det er viktig at faget fører til forståing, respekt og evne til dialog mellom menneske med ulik oppfatning av blir trus- og livssynsspørsmål. Vi meiner at ein fritaksrett frå RLE-faget basert på religiøs overtyding er i direkte strid med RLE-fagets formål.

### **Skulegudsteneste**

Utvalet deler seg i eit fleirtal og eit mindretal på dette punktet. Fleirtalet ønskjer at det framleis skal vere mogeleg å halde skulegudsteneste i skuletida, føresett at andre trussamfunn også kan invitere skuleelevar til å delta ved markeringar av ulike høgtider. Mindretalet peikar på at det berre er Den norske kyrkja som er til stades i alle kommunar i landet. På grunn av dette blir det ikkje reelt at likeverdet er varetatt ved at også andre kan invitere til religiøse handlingar. Mindretalet meiner at ei gudsteneste er ei religiøs handling basert på aktiv oppslutning frå deltakarane. Mindretalet meiner at ein slik aktivitet ikkje høyrer heime i fellesskulen.

Barneombodet har i den seinare tida motteke mange meldingar frå urolege foreldre som fortel om at Den norske kyrkja har ein altfor stor plass i skulekvardagen til barna. Meldingane dreiar seg om skulegudstenester, men også om andre ting som bordbønn, gjesting frå prestar i skuletida som driv med forkynning, og bruk av skuletida til konfirmasjonsundervisning. Barneombodet meiner at alle desse aktivitetane strir mot formålet med opplæringslova om at opplæringa skal «gi innsikt i kulturell mangfald og vise respekt for den einskilde si overtyding». Ein slik overrepresentasjon av den største religiøse institusjonen i landet i den norsk skulen er ikkje heldig.

Barneombodet er altså einige med mindretalet i utvalet, og vi meiner at ordninga med skulegudstenester bør avviklast. Det er ingen reell valfridom for andre religiøse samfunn til å ha ei liknande avslutning dei fleste andre stader i landet, og ei slik forkynning som finn stad i ei gudsteneste bør ikkje gjerast i skuletida.

Barneombodet sitt ungdomspanel var delte i meiningane sine om skulegudsteneste. Enkelte framheva at det var ein fin tradisjon som burde oppretthaldast, også som mogeleg avslutning på

---

<sup>8</sup> Dojan v. Germany

skuleåret, mens andre igjen meinte at skulegudstenester burde avviklast heilt. Dei nemne også eksempel på forskjellig praksis rundt omkring. Enkelte i panelet går på skular der ein ikkje har skulegudstenester i det heile tatt, men heller held livssynsnytrale festar som semesteravslutningar. Andre har skulegudstenester som valfri semesteravslutning med eit alternativt opplegg for dei som vil. Og nokre har skuleavslutningar som eit tillegg til valfri skulegudsteneste.

Panelet hadde veldig varierte opplevingar knytt til det alternative opplegget. Enkelte fortalde om keisame filmvisingar kor ingen på skulen hadde gjort ein innsats for dei elevane som valde bort gudstenesta, mens andre igjen opplevde engasjerte lærarar som stelte i stand gode arrangement saman med elevane. Fleire i panelet peika på at det er viktig at ei skuleavslutning fremjar samhald, og at det derfor bør finnast ei felles avslutning ved sida av ei eventuell skulegudsteneste. Dersom ordninga med skulegudstenester skal fortsetje, var det semje i panelet om at det alternative opplegget må vere godt og gjennomarbeidd. Dersom ikkje, kan det vere at elevar som ikkje ønskjer å delta på gudsteneste likevel vel dette som «det minste av to vonde».

Dersom ordninga med skulegudstenester blir vidareført, er Barneombodet einig med mindretallet i utvalet. I staden for fritak frå skulegudstenester, bør det vere ei aktiv påmelding. Vidare må alternativet til skulegudsteneste vere attraktivt og godt. Til slutt vil vi understreke at ei skuleavslutning er ein fin måte for skuleklasser og skular til å markere samhald, og eit høve for klassane til å gjere noko hyggeleg saman. Dersom ordninga fortset vil Barneombudet derfor tilrå at skulegudstenester aldri er den formelle avslutninga på skulen før feriar.

## **19.5 Foreldrerettar og behovet for å beskytte barn**

Utvalet problematiserer blodoverføringar, faste og omskjering av guttebarn. Barneombodet stiller spørsmål ved at ein ikkje har plassert omskjering under fellesnemninga «ivaretaking av barn si helse».

### **19.5.1.1 Blodoverføringar**

Utvalet seier at det ikkje finst eit absolutt foreldrerett i Noreg, og at når det kjem til blodoverføringar er det ei medisinsk og ikkje religiøs vurdering som må leggast til grunn. Ein skal ta omsyn til ønskjer frå foreldre som er religiøst basert, men det som er til det beste for barnet si helse må leggast til grunn.

Barneombodet er her einig med utvalet.

### **19.5.1.2 Barn som fastar**

Barneombodet er fornøgd med at utvalet opnar for at ein kan kople inn barnevernet i tilfelle der barn si faste går ut over skuleprestasjonane deira. Dette har Barneombodet tidlegare motteke kritikk for å ha sagt. Vi meiner framleis at informasjon om helsekonsekvensane av at barn fastar, bør vere fast innslag i dialogen mellom skulen og foreldra på alle skular der faste er ei aktuell problemstilling.

### **19.5.2 Omskjering av guttebarn**

Også når det gjeld omskjering av guttebarn, deler utvalet seg i eit fleirtal og eit mindretal. Fleirtallet meiner at det ikkje er tilstrekkeleg sannsynleggjort at omskjering av guttebarn er så skadeleg for barnet at ein bør innføre eit forbod. Medlemmet Reikvam i utvalet meiner derimot at guttebarn må beskyttast mot eit ikkje-medisinsk grunna kirurgisk inngrep som påfører barnet smerte. Han meiner at rituell omskjering er eit så omfattande og irreversibelt inngrep, som truar barnet sin beste, at det ligg utanfor det som foreldre kan bestemme på vegner av barnet.



Barneombodet ønsker ikkje å innføre eit forbod mot omskjering av gutebarn, men vi tilrår at det blir sett ei nedre aldersgrense for når omskjering kan gjerast. Barneombodet meiner ei aldersgrense på 15 eller 16 år er dei aktuelle alternativa. Da harmonerer aldersgrensa med anten den religiøse eller medisinske lågaldren til barnet. På same måte som med ein dåp, kan omskjering sjåast på som ein viktig overgangsrite i ein person sitt liv, og vi ønsker ikkje å ta i frå noko moglegheita til å markere tilhøyrsla si til den religionen han eller ho ønsker. Barneombodet både respekterer og anerkjenner foreldre sitt ønske og rett til å oppsede barna i tråd med den religiøse overtydinga si. Men når slike religiøse påbod manifesterer seg i irreversible medisinske inngrep utført på friske barn, som på ingen måte har sjanse til å samtykkje, følgjer det av Barneombodet sitt mandat at vi må ta barneperspektivet.

### **Menneskerettsleg utgangspunkt**

Utvalet viser etter kva vi kan sjå ikkje konkret til korleis omskjering av gutebarn stiller seg i forhold til barnekonvensjonen. Utvalet viser til Senter for menneskerettar (SMR) sitt høyringssvar til Helse- og omsorgsdepartementet sitt høyringsbrev, der SMR konkluderer med at omskjering av gutebarn ikkje er i strid med barnekonvensjonen. I den samanhengen vil Barneombudet peike på at fråsegna frå SMR konkluderer utan at den inneheld ei faktisk vurdering av forholdet mellom omskjering av gutebarn og barnekonvensjonen. Av den grunn meiner vi at denne fråsegna ikkje kan takast til inntekt for at omskjering av gutebarn er tillaten etter barnekonvensjonen.

Barneombodet etterspør ei grundig utgreiing av om omskjering av ikkje-samtykkjande gutebarn er i samsvar barnekonvensjonen og andre menneskerettskonvensjonar Noreg er bunde av.

Eit argument for rituell omskjering som ofte blir trekt fram, er omsynet til BK art. 30, der det heiter at ingen barn som høyrer til ein etnisk, religiøs eller språklig minoritet, skal nektast retten til å leve i pakt med kulturen sin eller retten til å utøve religionen sin. Ved å innføre ei aldersgrense for rituell omskjering hevdar enkelte at ein nettopp tek frå barnet denne retten. Til det er det verdt å merke seg at FN's barnekomité uttaler at all utøving av slik kultur må vere i tråd med menneskerettane elles.<sup>9</sup> Spørsmålet blir altså kor langt BK art. 30 rekk når han kjem i konflikt med andre rettar barnet har.

SMR nemner fem rettar som må gjennomgåast grundig før ein lovregulerer omskjering av gutebarn. Dei fem er:

- Barn sitt vern mot integritetskrenkingar jf. BK art. 19
- Barn sin rett til helse, jf. BK art. 24
- Barn sin religionsfridom, jf. BK art. 14
- Barn sin rett til medavgjerd, jf. BK art. 12
- Omsynet til det som er det beste for barnet, jf. BK art. 3

Vidare i høyringssvaret vil vi gå gjennom våre vurderingar av desse artikkane i barnekonvensjonen relatert til omskjering av gutebarn.

Barneombodet ser generelt at omskjering av gutebarn i aukande grad blir problematisert internasjonalt. Child Rights International Network (CRIN) viser i det siste nyheitsbrevet sitt til at det er en gryande motstand i menneskerettslege og medisinske fagmiljø mot omskjering av gutebarn. Det blir her vist til dei same omsyna som vi tek opp i dette høyringssvaret.

### **Artikkel 3 i barnekonvensjonen – det beste for barnet**

---

<sup>9</sup> Committee on the rights of the child, General comment No. 8, 2006

Det beste for barnet-vurderinga i barnekonvensjonen artikkel 3 er eit overordna omsyn som må liggje til grunn for alle avgjersler som vedkjem barn.

FN sin barnekomité seier i den siste generelle kommentaren sin (GC) om det beste for barnet at dette omsynet inneber at barnet har rett til at hans eller hennar interesser skal takast med i vurderinga i ei kvar avgjerd som omhandlar barnet, og at det skal tilleggjast betydeleg vekt i ei kvar avgjerd som gjeld barnet.<sup>10</sup> Vidare seier komiteen at vaksne sine vurderingar om kva som er til det beste for barnet ikkje kan overstyre plikta til å respektere alle barnet sine rettar etter barnekonvensjonen.

Komiteen seier også at det ikkje vil vere i tråd med det beste for barnet å ta ifrå barnet høvet til å seie meininga si berre fordi det er av ung alder.

Vi vel vidare å repetere kva Barneombudet sa om det beste for barnet i høyringssvaret vårt til Helse- og omsorgsdepartementet om rituell omskjering av guttebarn i 2011, med enkelte endringar:

«Artikkel 3 i barnekonvensjonen sier at hensynet til barns beste skal være et grunnleggende hensyn i alle avgjørelser som berører barn, enten de foretas av offentlige eller private velferdsinstitusjoner, domstoler, administrative myndigheter eller lovgivende organer. Det betyr at når man skal bestemme noe for barn, må man alltid spørre seg om dette er til barnets beste.

Høringsnotatet holder spørsmålet om barns beste opp mot behovet for å regulere omskjæring, og hva som kan skje hvis man forbyr dette. I høringsnotatet heter det:

*“Et eventuelt forbud mot rituell omskjæring ville derimot kunne medføre at de som etterspør inngrepet føler seg “tvunget” til å benytte ikke-kompetente personer til å utføre omskjæringen. Dette vil ikke være til fordel for guttene det handler om, men vil derimot kunne være i strid med et krav om å sikre ivaretagelse av barns beste”*

I følge høringsnotatet har det mosaiske trossamfunn opplyst at omskjæring er den viktigste faktoren i dannelsen av den jødiske identitet. I følge muslimske trossamfunn er rituell omskjæring en markering av guttens tilhørighet til det islamske fellesskapet, og veldig viktig for utøvelsen av den muslimske tro, jf høringsnotatet. Det er derfor ikke vanskelig å tenke seg at jødiske og muslimske foreldre mener å handle til det beste for guttebarnet når de lar det bli omskåret.

Barneombudet stiller likevel spørsmål ved om det er til barnets beste å utsette det for et [kirurgisk inngrep uten medisinsk nytteverdi for barn] hvor det fjernes en funksjonell kroppsdel. Er det til barnets beste at inngrepet er smertefullt, og i verste fall kan medføre [alvorlige] komplikasjoner? Og er det til barnets beste at dette gjøres før barnet har mulighet til å si sin mening?

Vurderingen av barns beste er derfor et sentralt element i spørsmålet om omskjæring av guttebarn. Barneombudet mener departementet burde vurdert barns beste knyttet til selve praksisen, ikke bare knyttet opp til spørsmålet om hva et eventuelt forbud kan medføre.»<sup>11</sup>

#### **Artikkel 14 i barnekonvensjonen - barn sin religionsfridom**

Det følgjer av BK art. 14 nr. 1 at barn har ein sjølvstendig religionsfridom som må respekterast.

<sup>10</sup> FNs barnekomité generelle kommentar nr. 14 (2013)

<sup>11</sup> <http://barneombudet.no/horingsuttalelser/2011/omskjeringavgutter/>

Det følger og av barnekonvensjonen artikkel 14 at foreldre si oppgåve er å «retteleie» barna i religiøse spørsmål. Å utføre eit irreversibelt kirurgisk inngrep utan medisinsk indikasjon kan etter Barneombodet si meining gå ut over kva som kan falle inn under foreldre sin rett til å retteleie barnet i religiøse spørsmål.

Menneskerettane er eit udeleleg heile, og religionsfridommen barn har etter BK art. 14, må sjåast i samanheng med religionsfridommen i for eksempel Den europeiske menneskerettskonvensjon (EMK) art. 9. Det følger òg av EMK art. 9 at barn har religionsfridom. Etter EMK art. 9 følger det at ein heilt sentral del av religionsfridomen er retten til å skifte religionen eller overtydinga si. Når det er gjort eit irreversibelt inngrep i den fysiske integriteten til den enkelte som kan markere religiøs tilhøyrse, kan ein seie at retten til å endre religiøs tilhøyrse har blitt innskrenka. Når dette blir gjort på ikkje-samtykkjande barn, meiner Barneombodet det kan vere eit inngrep i religionsfridommen til barnet

### **Artikkel 12 i barnekonvensjonen - barn sin rett til å bli høyr**

Artikkel 12 i barnekonvensjonen slår fast at barn har rett til å seie meininga si i alle spørsmål som vedkjem det, og at barnet sine synspunkt skal vektleggjast i samsvar med alder og modnad. Barnekomiteen skriv i GC nr.12 at som generelt prinsipp inneber dette at partane skal strekkje seg langt for å sørgje for at tolkinga og gjennomføringa av alle andre rettar i konvensjonen skjer med denne retten som styrande prinsipp.<sup>12</sup> Vidare inneber dette at barnet har rettar som gir det innverknad på sitt eige liv, og ikkje berre rettar fordi det er sårbart (retten til vern), eller at det er avhengig av vaksne (retten til omsorg), jf. GC nr.12.

FN sin barnekomité understrekar i GC nr. 7 at artikkel 12 gjeld både for yngre og eldre barn. Som rettshavarar har sjølv dei yngste barna rett til å gi uttrykk for oppfatningane sine, som bør tilleggjast «høveleg vekt i samsvar med barnet sin alder og modnad» (artikkel 12 nr. 1). Komiteen seier at dei yngste barna gjer val og formidlar sine kjensler, tankar og ønskjer på forskjellige måtar, lenge før dei er i stand til å kommunisere via det talde eller skrivne språket.

Små barn har ikkje samtykkekompetanse. Mange gutebarn blir omskorne når dei berre er nokre dagar gamle. Så små barn kan ikkje gi uttrykk for si meining ut over det å protestere med skriking under sjølve inngrepet, og ytterlegare skriking på grunn av smerter mens såra gror.

I det fyrste leveåret til barnet må foreldre sjølv sagt ta alle avgjerder for barna. Men retten barn har til å få påverke i stadig større grad etter kvart som det blir eldre, bør få konsekvensar for kva avgjerder foreldre kan ta for små barn. Avgjerder som kan vente, og som vil ha mykje å seie for barnet, bør utsetjast til barnet sjølv får samtykkjekompetanse. Barneombodet meiner at gode grunnar taler for at eit barn sjølv bør få avgjere om det skal gjennomføre eit så omfattande irreversibelt inngrep som omskjering, jf. BK art. 12. Derfor meiner Barneombodet at det må innførast ei nedre aldersgrense for omskjering, slik at barnet sjølv kan bestemme om det vil bli omskore. Som nemnt tidlegare i høyringa bør aldersgrensa setjast til anten 15 eller 16 år.

### **Artikkel 24 i barnekonvensjonen - rett til helse**

Det er allment akseptert at medisinske inngrep må grunnjevast medisinsk, då dei inneber eit inngrep i den einskilde sin kroppslege integritet, og fordi medisinske inngrep alltid kan medføre komplikasjonar. Rituell omskjering av gutebarn har inga slik medisinsk grunniving.

Enkelte, som den amerikanske barnelegeforeininga, har argumentert for at forskning som viser at det kan vere enkelte medisinske fordelar for omskorne vaksne, kan forsvare omskjering av ikkje-

---

<sup>12</sup> FNs Barnekomités generelle kommentar nr 12 (2009) Barns rett til å bli hørt

samtykkjande guttebarn. Barneombodet meiner, som ei rekkje europeiske barnelegar, at desse moglege fordelane for vaksne ikkje på noko vis forsvarer eit så alvorleg og irreversibelt inngrep i den kroppslege integriteten til guttebarna.

Omfanget av fordelane er òg avsanna i ein artikkel som var trykt i det anerkjente tidsskriftet *Pediatrics*.<sup>13</sup> Dei antatte medisinske fordelane ved omskjering har vore lågare førekomstar av urinvegsinfeksjon, HIV, peniskreft og andre kjønssjukdomar.

Ein kan oppnå dei same resultata som omskjering gjer ved urinvegsinfeksjon gjennom mykje mindre inngripande tiltak, som ein ufarleg antibiotikakur. Fordelane ved HIV/Aids har så og seie ingen effekt i den vestlege verda, då det store fleirtalet som pådreg seg sjukdomen i Noreg er menn som har sex med menn, og her har vi inga forskning som underbyggjer at omskjering minskar risikoen for HIV. Dessutan er HIV-smitte gjennom seksuell omgang eit problem som høyrer vaksenverda til, og kondombruk er her også eit mykje mindre inngripande og mykje betre preventivt tiltak. Det same gjeld for peniskreft og andre kjønssjukdommar: nemleg at desse sjukdommane høyrer vaksenverda til, og slik vil ikkje innføringa av ei nedre aldersgrense hindre at barn sjølve med denne informasjonen i hende kan ta valet om dei ønskjer å la seg omskjere.

Bidragstytarane til artikkelen er ei rekkje nordeuropeiske barnemedisinarar og barnekirurgar, inkludert leiaren av Norsk barnelegeforeining. Barneombodet har tidlegare vist til denne artikkelen i kronikken sin i omskjeringsdebatten.<sup>14</sup> Som vi skriv i vår kronikk, kan omskjering føre til smerte mens såra etter inngrepet gror, uavhengig av smertelindring under sjølve operasjonen, og til blødingar, infeksjonar og alvorlege skadar på penis.

Det er vanskeleg å seie noko om det eksakte omfanget av skade på guttebarn som blir utsett for omskjering. Det som er heilt sikkert er at skadar skjer, og i verste fall kan det ende med døden.<sup>15</sup> Det er verdt å merke seg at dette inngrepet blei gjort av ein lege på eit legekontor. Derfor vil altså ikkje forslaget om å flytte omskjeringar inn i ordna former vere nok til å fjerne risikoen for dødsfall i samband med omskjering av guttebarn. Utvalet seier på s. 252 i utgreiinga at:

«Gitt at en hadde grunn til å frykte et dødsfall per 10 000 omskjæringer; ville det med 2000 omskjæringer i året tilsi et dødsfall hvert femte år i Norge. Det ville i så fall være helt uakseptabelt, og kunne vært et grunnlag for å forby omskjæring.»

Dette eine dødsfallet som nemnt over er aleine nok til at Barneombudet meiner omskjering av guttebarn ikkje må gjerast på barn som ikkje har evna til å samtykkje. Ein må i alle saker som omhandlar barn si helse leggje til grunn eit klart og tydeleg «føre var»-prinsipp.

Utvalet uttalar vidare på side 251 at:

«Hvis utvalget mente at omskjæring krenket og skadet barn, ville ikke utvalget nøle med å foreslå et forbud selv om et forbud eventuelt kunne bli prøvd av EMD.»

Fleirtalet i utvalet landar likevel på at det ikkje er tilstrekkeleg sannsynleggjort at omskjering av guttebarn skadar barn slik at det utvalet kallar eit forbod bør innførast.

<sup>13</sup> <http://pediatrics.aappublications.org/content/early/2013/03/12/peds.2012-2896.full.pdf+html>

<sup>14</sup> <http://www.nrk.no/ytring/vern-ogsa-guttebarn-mot-omskjaering-1.10953417>

<sup>15</sup> <http://www.vg.no/nyheter/innenriks/artikkel.php?artid=10053299>

Barneombodet viser til at det i tillegg til den fysiske skaden også fins studiar som peikar på at omskorne seinare i livet kan få psykiske problem knytte til omskjeringa, samt problem med seksuallivet.<sup>16</sup>

Forhuda beskyttar glans, og den produserer naturleg glidemiddel for menn. Det er altså feilaktig å bagatellisere funksjonen forhuda faktisk har, og det er problematisk å ta ifrå barn høvet til å gjere dette valet sjølv.

Til slutt ønskjer Barneombodet at det blir gjort ein full gjennomgang og ei vurdering av omskjering av gutebarn frå kompetent medisinsk hald. Dette gjeld både påståtte fordelar for barn og omfanget av dei helseskadelege følgjene.

### **Artikkel 24, 3 ledd i barnekonvensjonen - vern mot skadeleg tradisjonsbunden praksis**

Tidlegare har ikkje omskjering av gutar vore venta å falle inn under nemninga «skadeleg tradisjonsbunden praksis». Det kan verke som om dette no er i endring. I rapporten «Violating children's rights», utgitt av The International NGO Council on Violence against Children,<sup>17</sup> står det følgjande om omskjering av gutebarn på s. 22:

«Until recently, male circumcision has generally been challenged only when carried out by non-medical personal in unhygienic settings without pain relief. But a children's rights analysis suggests that non-consensual, non-therapeutic circumcision of boys, whatever the circumstances, constitutes a gross violation of their rights, including the right to physical integrity, to freedom of thought and religion and to protection from physical and mental violence.”

Vidare har FN sitt Human Rights council nyleg uttalt seg om skadeleg tradisjonsbunden praksis, i resolusjonen sin 22/32 «on the right of the child the enjoyment of the highest attainable standard of health.» I punkt 22 og 23 i utgreiinga står det:

«22. Calls upon States to take all necessary measures to abolish harmful practices compromising the dignity and integrity of the child, and prejudicial to the health of boys and girls, particularly by preventing and explicitly condemning such practices including but not limited to female infanticide, female genital mutilation, virginity tests, early and forced marriage, forced sterilization, prenatal sex selection, breast ironing and harmful practices against children with disabilities and children with albinism, and to develop age-appropriate, gender-sensitive, safe and confidential programmes and medical, social and psychological support services to protect, treat, counsel and reintegrate child victims;

23. Urges States to ensure a clear ban on harmful practices, which should be accompanied by preventive measures that should include education, information-sharing, enhancement of awareness and engaging stakeholders, including community and religious leaders, for promoting the abandonment of those practices and respect for children's rights, helping to overcome discriminatory attitudes and superstitious beliefs, thus supporting a process of social change for the abandonment of harmful practices that compromise the dignity and integrity of the child and are prejudicial to the health of boys and girls;...»

Dette er ein ordlyd som går kraftig imot skadeleg tradisjonsbunden praksis. Det er spesielt verdt å merke seg at ein her snakkar om slik skadeleg praksis utført både på «boys and girls», og at lista av

---

<sup>16</sup> <http://pediatrics.aappublications.org/content/early/2013/03/12/peds.2012-2896.full.pdf+html>

<sup>17</sup> International NGO Council on Violence against Children – Violating children's rights: Harmful practices based on tradition, culture, religion or superstition (2012)

skadelege handlingar ikkje er meint å vere uttømmmande. I punkt 23 blir statane vidare oppmoda om å støtte opp om ei sosial forandring som kan bidra til at ein forlèt slik skadeleg, tradisjonsbunden praksis.

### **Artikkel 19 i barnekonvensjonen - rett til eit liv utan vald**

Å snakke om omskjerjing av gutebarn som ei integritetskrenking er det vanskelegaste temaet innanfor omskjerjing. Men Senter for menneskerettar har rett når dei seier at det må diskuterast ope om omskjerjing av gutebarn faktisk inneber ei integritetskrenking før ein fastset seg for å regulere dette feltet ytterlegare.<sup>18</sup> Barneombodet vil understreke at definisjonen av «vald» i barnekonvensjonen sin artikkel 19 også inneheld handlingar som foreldre ikkje oppfattar som maktbruk.<sup>19</sup> Med andre ord er ikkje «vond vilje» frå foreldra si side eit krav for at ei handling er å rekne som ei integritetskrenking etter artikkel 19 i barnekonvensjonen.

Johs. Andenæs skreiv følgjande på side 111 i «Spesiell strafferett og formuesbrotsverka», samla utgåve ved Kjell V. Andorsen (2008):

«Omskjerjing av gutar (fjerning av forhuda på penis) har rituell tyding i den jødiske religionen som teikn på pakta mellom Jahve og folket hans. Det er eit lite, men naturlegvis smertefullt inngrep for barnet. Objektivt må det truleg reknast som ei lekamsskading».

Det blir så understreka at dette klart nok ikkje er straffbart, og at lovgivar har vurdert inngrepet som såpass lite at omsynet til tru og tradisjon her må kome føre. Det er like fullt verdt å merke seg at omskjerjing av gutebarn objektivt er å rekne som ei lekamsskading.

I 2012 har også ein tysk domstol kome til at omskjerjing av gutebarn inneber ei krenking av den fysiske integriteten til barnet, då barnet blir permanent og irreversibelt endra av omskjerjinga.<sup>20</sup> Domstolen fann også at omskjerjing medfører eit brot på religionsfridomen til barnet. Barn sin rett til fysisk integritet og barn sin religionsfridom blei altså sett på som å vege tyngre enn foreldra sin religionsfridom. Rettnok reverserte ein etikkomité nedsett av styresmaktene denne dommen, og ein lov som tillét omskjerjing etter ønske frå foreldra så lenge omskjerjinga blir utført av kyndig helsepersonell og foreldra er informerte om farane knytte til inngrepet, blei så innført. Men det er verdt å merke seg at den tyske barnelegeforeninga var sterke motstandarar av denne loven.<sup>21</sup>

### **Oppsummering**

Barneombodet anerkjenner både retten barn har til ikkje å bli nekta deltaking i eigen religion, og retten foreldra har til å rettleie barn i religiøse spørsmål. Dette er menneskerettsleg anerkjende verdiar, og det er viktig at dei blir respekterte. Barneombodet meiner like fullt at det er sterkare omsyn, både medisinske og menneskerettslege, som talar for at omskjerjing ikkje bør utførast på barn som ikkje har moglegheit til å samtykkje. Barneombodet vil derfor tilråde at det blir innført ei nedre aldersgrense for rituell omskjerjing av gutebarn

### **Verknadene av ei aldersgrense**

Utvalet viser igjen til departementet når det gjeld verknader av innføring av ei aldersgrense. På side 248 i utgreiinga blir det vist til departementet si høyringsfråsegn om rituell omskjerjing, og det blir sagt at:

---

<sup>18</sup> <http://www.jus.uio.no/smr/om/nasjonal-institusjon/overvakning/horinger/2011/docs/omskjerjing.pdf>

<sup>19</sup> Kähler-Olsen (2013) s. 34

<sup>20</sup> <http://jurist.org/paperchase/2012/06/germany-court-criminalizes-circumcision-of-minors.php>

<sup>21</sup> <http://www.intaction.org/german-pediatric-association-condemns-infant-circumcision-2/>

«Departementet mener det ikke er naturlig å tro at et eventuelt forbud mot rituell omskjæring skulle medføre at muslimske og jødiske foreldre ville slutte å omskjære guttene sine. Et eventuelt forbud mot rituell omskjæring ville derimot kunne medføre at de som etterspør inngrepet, føler seg «tvunget» til å benytte ikke-kompetente personer til å utføre omskjæringen.»

Fleirtalet i utvalet konkluderer så med at det er liten grunn til å tru at denne tradisjonen vil forsvinne ved innføringa av eit forbod. Barneombudet antar at fleirtalet meiner det same resultatet vil hende ved innføringa av ei nedre aldersgrense for omskjæring.

I den samanhengen ønskjer Barneombudet å vise til Abdi Gele si doktoravhandling, om haldningar til kvinneleg omskjæring i det somaliske miljøet i Noreg.<sup>22</sup> Haldningane til omskjæring av jentebarn har endra seg drastisk etter kvart som ein har forstått at det er skadeleg å utsetje jentebarn for dette. Abdi Gele foreslår at framtidige haldningskampanjar baserer seg på forskning, og Barneombudet er einige i dette. Barneombudet har tillit til at auka kunnskap om skadane ved omskjæring av guttebarn, i tillegg til informasjon om den manglande medisinske gevinsten, vil føre til ei haldningsendring hos dei fleste foreldre.

## Tema utgreiinga ikkje kjem inn på

Barneombudet vil til slutt peike på eit par felt utvalet ikkje tek opp, som vi opplever at det er viktig å kommentere.

### Heimeundervisning

Utvalet går ikkje inn på spørsmål om heimeundervisning. Barneombudet er negativ til heimeundervisning, og vi ønskjer å regulere dette spørsmålet slik Sverige har gjort, med eit forbod mot heimeundervisning på religiøst og filosofisk grunnlag. Dette ynskte vi av same årsak som at vi ønskjer eit godt og strengt tilsyn med religiøse privatskular - at skular er veldig viktige arenaer for integreringa til barnet i samfunnet, og for møtet deira med alle idear, livssyn, haldningar og bakgrunn samfunnet har å by på.

Vi viser i den samanhengen til saka Fritz Konrad v. Germany, der tyske styresmakter blei hørde av EMD med at skulen er ein viktig arena for integrering i samfunnet, og at ein på dette grunnlaget kunne nekte heimeundervisning.<sup>23 24</sup> Frå tysk side blei det også innvendt at ein ikkje møter krava til barn si utdanning dersom ein nektar barna jamleg kontakt med andre barn.

### Om organisert religiøs undervisning i fritida

Ein viktig føresetnad for at Barneombudet kan ha dei standpunkta vi har når det gjeld privatskular, fritak og heimeundervisning, er som nemnt at foreldre har full moglegheit til å lære barna sine om livssynet sitt både før og etter skuletid, og også i helgane. Det er viktig at foreldra sin rett til å gjere dette blir respektert.

Barneombudet har dessverre opplevd at denne opplæringa blir gjort i organiserte former som vi har opplevd som skadeleg for barn. Det dreiar seg konkret om tilfelle der barn har blitt sendt på koranskule, som vi skreiv om i innspillet vårt til trus- og livsynspolitisk utval.<sup>25</sup> Med ein gong den private opplæringa til foreldra tek ei slik organisert form, og særleg dersom det inkluderer overnatting for barna som deltar, så er det viktig at opplæringa følgjer norsk lov på alle måtar. I

<sup>22</sup> <http://www.forskning.no/artikler/2012/januar/310412>

<sup>23</sup> NOU 2013:1, s. 240

<sup>24</sup> <http://hudoc.echr.coe.int/sites/eng/pages/search.aspx?i=001-76925>

<sup>25</sup> <http://www.barneombudet.no/innspill/trosoglivssynspolitik/>

innspelet vårt til livssynspolitisk utval framheva Barneombodet kor viktig det er at alle som held på med slik opplæring, må gjennom eit obligatorisk kurs. På dette kurset må alle religiøse leiarar og lærarar få kjennskap til dei pliktene dei har etter barnekonvensjonen, med spesiell vekt på vernet barn skal ha mot vald og overgrep. Og dersom det blir oppdaga lovbrøt, må ein ha eit godt og effektivt sanksjonssystem mot dette.

Venleg helsing

Anne Lindboe  
barneombud

Eirik Aimar Engebretsen  
konsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.